

## KOMMISJONSVEDTAK

2014/EØS/56/08

av 25. januar 2008

**om godkjenning av planane for 2008 for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og  
naudvaksinasjon av slike svin mot denne sjukdommen i Bulgaria***[meldt under nummeret K(2008) 270]***(Berre den bulgarske teksta er gyldig)**

(2008/77/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001  
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest<sup>(1)</sup>,  
særleg artikkel 16 nr. 1 andre leddet og artikkel 20 nr. 2 fjerde  
leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

1) I direktiv 2001/89/EF er det fastsett minstekrav til fellesskapstiltak for motkjemping av klassisk svinepest. Desse tiltaka omfattar ei føresegn om at medlemsstatane, etter at det er påvist eit primærttilfelle av klassisk svinepest hjå viltlevande svin, skal leggje fram for Kommisjonen ein plan med tiltak for utrydding av denne sjukdommen. Det nemnde direktivet inneheld òg føresegner om naudvaksinasjon av viltlevande svin.

2) Det er påvist klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Bulgaria.

3) Bulgaria har utarbeidd eit program for overvaking og motkjemping av klassisk svinepest på heile territoriet sitt. Dette programmet er framleis i kraft.

4) Kommisjonsvedtak 2006/800/EF av 23. november 2006 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike

svin mot denne sjukdommen i Bulgaria<sup>(2)</sup> vart vedteke som eitt av fleire tiltak for å motkjempe klassisk svinepest. Vedtak 2006/800/EF gjeld fram til 31. desember 2007.

5) 15. oktober 2007 la Bulgaria fram for Kommisjonen for godkjenning ein plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og ein plan for naudvaksinasjon av slike svin på heile territoriet sitt for 2008.

6) Desse planane som Bulgaria har lagt fram, er vortne granska av Kommisjonen og funne å vere i samsvar med direktiv 2001/89/EF. Dei bør difor godkjennast.

7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1***Plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin**

Den planen som Bulgaria la fram for Kommisjonen 15. oktober 2007 for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i det området som er fastsett i nr. 1 i vedlegget, er godkjend.

*Artikkel 2***Plan for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin**

Den planen som Bulgaria la fram for Kommisjonen 15. oktober 2007 for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i det området som er fastsett i nr. 2 i vedlegget, er godkjend.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 23 av 26.1.2008, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 56/2009 av 29. mai 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 47 av 3.9.2009, s. 4.

(<sup>1</sup>) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

(<sup>2</sup>) TEU L 325 av 24.11.2006, s. 35. Vedtaket endra ved vedtak 2007/624/EF (TEU L 253 av 28.9.2007, s. 43).

*Artikkel 3***Samsvar**

Bulgaria skal straks gjøre dei tiltaka som er naudsynte for å rette seg etter dette vedtaket, og offentliggjere desse tiltaka. Bulgaria skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

*Artikkel 4***Brukstid**

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2008 til 31. desember 2008.

*Artikkel 5***Adressat**

Dette vedtaket er retta til Republikken Bulgaria.

Utferd i Brussel, 25. januar 2008.

*For Kommissjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommissjonen*

---

*VEDLEGG*

1. **Område der planen for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin skal gjennomførast:**  
Heile territoriet til Bulgaria.
  2. **Område der planen for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin skal gjennomførast:**  
Heile territoriet til Bulgaria.
-